

Solfest imorgon men får vi sjå sola?

13.02.2013



Vi har fleire gonger etterlyst ein solfest i Uskedalen, men det er viktig å skyta inn at det gjeld ikkje barnehagene som er flinke til å markere at sola er her att. Det skjer imorgon torsdag i den kommunale barnehagen som fylgjer det tradisjonelle opplegget

Det startar med marsj klokka 10.15 frå barnehagen til SPAR og der syng ungane dei solprega songane som vi etter kvart kjenner så godt. Så går turen attende til barnehagen der det er stor fest.

Men så står det store spørsmålet att. Får vi sjå sola?
I fjor var det silregn og riktig utriveleg (biletet)

Foto: Ola Matti Mathisen